

KONTROLLUTVALET I SULDAL



ÅRSMELDING

2015

INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. Det vart i 2011 bestemt at kontrollutvalet skulle auke talet på medlem til fem ifrå valperioden 2011-2015.

For perioden 2011-2015 hadde Suldal kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer
Sverre Underbakke - leiar
Berit Myrland – nestleiar
Solveig Sukka
Vanja Ignjatic
Tormod Skeie

Vararepresentantar:
1. Ole-Johan Østebø
2. Hans Sæter
3. († Arne Steinbru)

Sverre Underbakke sat i kommunestyret i perioden 2011-2015.

For perioden 2015-2019 har Suldal kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer
Vanja Ignjatic – leiar
Tormod Skeie – nestleiar
Heine Mo Willig
Otto Underbakke
Eldbjørg Sivertsen

Vararepresentantar:
1. Sigrunn Vetrhus
2. Silje Helen Færøy
3. Olav Martin Skaar

Heine Mo Willig sit i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Han/ho har ikkje delteke på nokon av møta i 2015. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han, eller andre frå administrasjonen har delteke i alle møta i 2015.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2015

Kontrollutvalet har i 2015 hatt 4 møte fordelt på to møte første halvår og to møte andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kommuneloven og kontrollutvalet sitt reglement.

Utvalet har hatt **27** saker til handsaming, kor **7** saker blei oversendt til kommunestyret.

40 saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker handsama av utvalet og saker lagde fram til orientering.

Tormod Skeie, Heine Mo Willig, Otto Underbakke og Eldbjørg Sivertsen deltok på informasjonsmøte for nye kontrollutval i Aksdal 12.11.15.

Vanja Ignjatic, Tormod Skeie, Otto Underbakke og Eldbjørg Sivertsen deltok på haustkonferansen i Sandnes 10.12.15 i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk.

I møte 29.04.15 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2014. Utvalet gav følgjande uttale til rekneskapen:

Suldal kommune sin årsrekneskap for 2014 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 2,95 millionar kroner. Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 44,2 millionar kroner (reelt 47,5 mill. i fylgje revisor), og at delar av dette er nytta til avsettingar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2014 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.14.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjørnotat og revisjonsmeldinga.

I same møte handsama utvalet rekneskapen til Suldal Elverk KF, og gav følgjande uttale:

Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2014 viser eit årsresultat på 11,2 mill. kr.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2014 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.14.

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særrekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørnotat og revisjonsmeldinga. Revisor tar atterhald i revisjonsmeldinga når det gjeld verdien på det balanseførte varelageret og at ordinært resultat kan derfor være feilrapportert.

Årsrapport frå Skatteoppkrevjaren og Skatterekneskapen for 2014 vart lagt fram til orientering i møte 11.02.15.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I fylgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sitt vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012, og vedtak vart gjort av kommunestyret på nyåret i 2013.

Utvalet har handsama to forvaltningsrevisjonsrapport i 2015, og handsama oppfølging av to rapportar. Utvalet har bestilt ny Overordna analyse for neste valperiode som vil danne grunnlag for ny Plan for forvaltningsrevisjon 2015-2019.

Rapport om «Plan- og byggsaker» var utarbeida av Rogaland Revisjon IKS og blei handsama i møtet 11.02.15.

Revisjonen kom med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

Hovudbodskap:

Vi finn kommunen sitt arbeid med plan- og byggesaker stort sett tilfredsstillande. Vi har tilrådingar som går på bruken av ByggSøk, tilsyn, tidsregistreringa av ordinære byggesaker og handteringa av gebyrreduksjon ved fristoverskridingar i slike saker. Vi har også nokre merknader som gjeld andre tilhøve.

Tilrådingar:

- *Kommunen bør vurdere tiltak for om mogleg få fleire byggefirma til å levere elekt-roniske byggesøknader. Dette kan gjerne vere eit samarbeid med nabokommunane.*
- *Kommunen bør utarbeide ein tilsynsstrategi og auka talet på tilsyn. Dette kan gjerast i samarbeid med nabokommunane.*
- *Kommunen bør sørge for at tidsregistreringa ved ordinære byggesøknader (12 vekers tidsfrist) blir korrekt, slik at ein kan følgje med på saker kor det kan vere aktuelt med gebyrreduksjon ved fristoverskridingar. Kommunen bør også ha ein fast rutine på å betale tilbake gebyr ved fristoverskridingar.*

Rapporten blei handsama av kommunestyret 17.03.15 og vil bli fylgt opp av kontrollutvalet på nyåret 2016.

Rapport om «Legetenestene» var utarbeida av Rogaland Revisjon IKS og blei handsama i møtet 23.09.15.

Revisjonen kom med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- *Vi tilrår kommunen å sjå nærare på korleis ein kan bremsa/redusera utgiftsveksten forbundet med legetenesta. Ein bør i den samanheng sjå nærare på korleis ein kan auke produktivitet og inntening i legetenesta.*
- *Vi tilrår kommunen å sjå nærare på konsultasjonstida, og vurdere om denne bør reduserast frå 30 til 20 minutt. Alternativt kan ein vurdere om ein bør differensiera betre i tilhøve til behov, og i større grad skilja mellom korte og meir omfattande konsultasjonar.*

- *Vi tilrår legene å sjå nærare på eigen praksis for pasientkontakt, og vurderer om andelen ordinære konsultasjonar bør aukast og enkle pasientkontaktar reduserast. I vurderinga bør det takast omsyn til lange reiseavstandar for nokre pasientar.*
- *Vi tilrår kommunen å sjå nærare på eigen praksis for å hente inn refusjonar, og sørge for at kommunen får dei inntektene ein har krav på.*
- *Vi tilrår kommunen å freista å utarbeide meir realistiske budsjetter for legetenesta. Dette er sentralt for å sikre ein god økonomistyring. Eit meir realistisk budsjett vil etter vår vurdering gje eit sterkare insentiv for å holde seg innanfor budsjetttramma, ettersom eininga vil få ein reell muligheit til å klare dette.*
- *Vi tilrår kommunen å arbeida for å stabilisera legetenesta. Dette er noko kommunen allereie har arbeidd ein del med. Vi ynskjer likevel å understreke dette fordi utviklinga dei siste åra har vist at legetenesta er sårbar når fleire hendingar hendar på same tid (permisjonar, sjukefråver, oppseiingar). Samstundes er det viktig å erkjenne at dette til ein viss grad vil kunne vera normalsituasjonen for legetenesta, også i åra framover. Da er det viktig at ein riggar organisasjonen for dette. Difor er det viktig at legekantoret framover også arbeider med å utvikle felles prosedyrar og praksisar, og forbetrar interne arbeidsprosessar. Dette vil kunne redusera sårbarheten forbundet med ein del legeskifter.*
- *Vi tilrår kommunen og legekantoret å arbeide med interne arbeidsprosessar. I faktadelen går vi kort inn på korleis ein kan gjera dette. Vi tilrår kommuneleiinga å styrka samarbeidet med legene. Det er spesielt viktig at partane byggjar vidare på det initiativet kommuneleiinga har tatt, i ei tid der legetenesta står overfor ulike typar utfordringar.*

Rapporten blei handsama av kommunestyret 03.11.15 og vil bli fylgt opp av kontrollutvalet i 2016.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedtak blei gjort av kommunestyret i 2013.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar frå selskapskontrollar dette året. Kommunestyret handsama Eigarskapsmelding for 2015.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Revisjonstenestene for kommunen blei lyst ut på anbod i 2011 og Rogaland Revisjon IKS blei vald som kommunen sin revisor frå 01.07.12. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år.

Utvalet handsama sak med framlegg om bruk av opsjon på møte 10.09.14, sak 19/14. Utvalet gjorde følgjande vedtak og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlengje avtalen med revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS om levering av revisjonsteneste til Suldal kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Ein vil og tilrå, dersom det er i tråd med regelverket, at det i god tid før 30.06.16 vert vurdert å utvida opsjonen med ytterligare eit år, til 30.06.17

Kommunestyret handsama saken på møte 21.10.14, sak 64/14 og gjorde likelydande vedtak som kontrollutvalet.

Kontrollutvalet handsama sak om «Revisjonsordning frå 2016 – eigenregi eller kjøp av tenester» i møtet 29.04.15, sak 13/15 og gav følgjande innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre ønskjer å inngå som eigar/deltakar i interkommunalt samarbeid om revisjonstenester.

Kommunen søker om deltaking i Rogaland Revisjon IKS og bli ein del av eigarkommunane så snart det lar seg praktisk løysa. Selskapet blir dermed kommunen sin faste revisor

Kommunestyret gjekk samrøystes inn for kontrollutvalet si innstilling i møtet 19.05.16, sak 37/15.

Rogaland Revisjon IKS har i brev av 30.10.15 gjort greie for den pågåande prosessen med å ta Suldal kommune inn på eigarsida i selskapet. Det er venta at prosessen blir ferdigstilt i løpet av 2016.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Cicel T. Aarrestad med kontor i Stavanger.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og det har møtt ein representant frå Rogaland Revisjon IKS på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapportar frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet har handsama revisor si egenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at utvalet har fått orienteringar frå rådmannen om saker og spørsmål som medlemmene har bedd om.

Føljande personar frå administrasjonen har delteke på utvalet sine møte for å orientera:

11.02.15 – Einingsleiar Nora Thorbjørnsen om brukarbetaling på sjukeheimen, bygg og eigedomssjef Lauritz Lauritzen om oppfølging av rapport om Styring av byggeprosjekt og bygdeutviklingssjef Endre Gjil om ras i Suldalslågen og om forvaltningsrevisjonsrapport om Plan- og byggsaker.

29.04.15 – Ass. rådmann Dagfinn Helland om bekymringsmelding frå innbyggjar, om rekneskapan og oppfølging av rapport Arbeidsgjevarrolla, barnevernsleiar Brit Starheim om bekymringsmelding frå innbyggjar, kommunekasserar Arnfinn Gundersen om kommunerekneskapan, løns- og personalsjef Tordis-Kristin Tobiassen om oppfølging av rapport Arbeidsgjevarrolla.

23.09.15 – Kommunalsjef Grethe Jæger Anglevik og leiar for helse Vigdis Førland om forvaltningsrevisjonsrapport legetenestene.

12.11.15 – Kommunalsjef for oppvekst Nils Erik Eide og barnevernsleiar Brit Starheim om oppfølging av bekymringsmelding frå innbyggjar og økonomirådgjevar Anita Kristensen om framlegget til budsjett for 2016 og økonomiplan 2016-2019.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2015.

TENESTE 1100	BUDSJETT 2015 (utvalet)	REKNESKAP 2015
Godtgjersle og driftsutgifter	220 500	173 784
Revisjonstenester	625 000	348 541
Sekretariatstenester	153 000	153 000
Sum utgifter (eks.mva.)	998 500	675 325

Utgiftene til revisjonen er under budsjett, dette kan skyldas at ikkje alle rekningane for 2015 er motteke/bokført.

Kontrollutvalet handsama hausten 2015 framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2016. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 044 500. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 10 år. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette.

Selskapet har i 2015 gjennomført brukarundersøking og markert 10 års jubileum på representantskapsmøtet i april. Det blei her framheva at sekretariatet har fått gjennomgåande positive tilbakemeldingar, men som forbetring kan dei bli betre kjent, som ledd i å styrke kommunane sitt kontroll- og tilsynsansvar.

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2015, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider der mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagde ut fortløpande.

Sverre Underbakke var vald til representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, med Berit Myrland som vara. Myrland var til stades på representantskapsmøtet 27.04.15. Vanja Ignjatic er vald som representant, med Tormod Skeie som vara til representantskapet for perioden 2015-2019.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2015 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram to forvaltningsrevisjonsrapportar, utvalet har handsama oppfølging av to revisjonsrapportar. Utvalet har bestilt ny Overordna analyse. Denne analysen vil danne grunnlaget for ny Plan for forvaltningsrevisjon 2015-2019 og ny Plan for selskapskontroll 2015-2019.

Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Sand, 28. januar 2016



Tormod Skeie



Vanja Ignjatic
Leiar



Heine Mo Willig



Otto Underbakke



Eldbjørg Sivertsen

VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2015

Saker til handsaming:

- 01/15 Godkjenning av protokoll 27.11.14
- 02/15 Referat- og orienteringssaker 11.02.15
- 03/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Styring av byggeprosjekt
- 04/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – Plan- og byggesaker
- 05/15 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – Legetenesta i Suldal kommune
- 06/15 Årsmelding for kontrollutvalet 2014

- 07/15 Godkjenning av protokoll 11.02.15
- 08/15 Referat- og orienteringssaker 29.04.15
- 09/15 Sak frå innbyggjar – bekymringsmelding
- 10/15 Suldal kommune – uttale til årsrekneskapen for 2014
- 11/15 Suldal elverk KF – uttale til årsrekneskapen for 2014
- 12/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Arbeidsgjeverrolla»
- 13/15 Revisjonsordning frå 2016 – eigenregi eller kjøp av tenester

- 14/15 Godkjenning av protokoll 29.04.15
- 15/15 Referat- og orienteringssaker 23.09.15
- 16/15 Revisor si eigenerklering 2015 - Rogaland Revisjon IKS
- 17/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Legetenestene»
- 18/15 Bestilling av overordna analyse for Suldal kommune
- 19/15 Kontroll og tilsyn – budsjett for 2016 – utvalet sitt framlegg
- 20/15 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode

- 21/15 Kontrollutvalets ansvar og oppgåver
- 22/15 Godkjenning av protokoll 23.09.15
- 23/15 Referat- og orienteringssaker 12.11.15
- 24/15 Statusoversikt over utvalets prosjekt
- 25/15 Orientering om budsjettframlegget for 2016 og økonomiplan 2016-2019
- 26/15 Plan for rekneskapsrevisjon 2015
- 27/15 Framlegg til møteplan for 2016

Saker til orientering:

1. Utgreiing om brukarbetaling på sjukeheimen v/einingsleiar for sjukeheimen
2. Ras Suldalslågen v/bygdeutviklingssjefen
3. Statusoversikt pr. februar 2015
4. Skatterekneskapen for 2014
5. Årsrapport 2014 frå skatteoppkrevjaren i Suldal kommune
6. Rapport frå NKRF-konferansen 4. – 5. februar 2015 v/sekretær
7. Tertialrapport pr. 31.12.14 frå Rogaland Revisjon IKS
8. Oversyn over statlege tilsyn i 2015 frå Fylkesmannen i Rogaland
9. eINFO 15/1 – Redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale

10. Nytt på nett, NKRF – Kontrollutvalgene fyller sin funksjon på en god måte
11. Statusoversikt pr. april 2015
12. Kst vedtak 17.03.15, sak 17/15 – rapport «Plan og byggesaker»
13. Kst vedtak 17.03.15, sak 18/15 – oppfølging av «Styring av byggeprosjekt»
14. Kontrollrapport 2014 – frå Skatteetaten
15. Representantskapsmøte 22.04.15 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
16. Representantskapsmøte 11.06.15 på Fitjar – Haugaland Vekst IKS
17. Representantskapsmøte 27.04.15 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
18. Representantskapsmøte 28.04.15 - Ryfylke Miljøverk IKS
19. Representantskapsmøte 18.05.15 på Stord – Krisesenter Vest IKS
20. Årsmøte 11.06.15 - Ryfylke IKS
21. Kommunal Rapport 19.03.15 om rekneskapsresultata i landets kommunar
22. Kommunal Rapport 20.03.15 om regjeringa si oppgåvemelding
23. Statusoversikt pr. september 2015
24. Status for sak 09/15 – orientering frå rådmannen
25. Tertialrapport pr. 31.07.15 – timeforbruk frå Rogaland Revisjon IKS
26. K-styre vedtak 19.05.15, i sakene 35/15, 36/15 og 37/15
27. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
28. Kommunal- og mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere ...
29. Datatilsynet – Gebyr for avvik hos kommuner
30. Bernt svarer – Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
31. NKRF overtar sekretariatet for FKT
32. Status for sak 09/15, Sak frå innbyggjar – orientering frå rådmannen
33. K-styrevedtak 01.10.15, sak 81/15 - Val av kontrollutval 2015-2019
34. Deltagelse i Rogaland Revisjon IKS, brev frå Rogaland Revisjon IKS
35. Taushetserklæring for kontrollutvalsmedlemmene
36. Reglement for Suldal kontrollutval – eige hefte
37. Evaluering - frå kontrollutvalet 2011-2015
38. Invitasjon til informasjonsmøte i Akrdal 12.11.15
39. Invitasjon til haustkonferansen i Sandnes 10.12.15
40. Invitasjon til NKRFs kontrollutvalgskonferanse 3. – 4. februar 2016